

## **Svar på grunngeve spørsmål frå representanten Leif Johnsen (MPG) angående Mjåtveitelva**

### **Spørsmål 1:**

Eg kjenner ikkje til at det er etablert eit prosjekt for å kartlegge alle utslepp til elva, eller at det fins anlegg som har fått utslepp til Mjåtveitelva, men:

Dei offentlege avlaupsanlegga i Frekhaug – Mjåtveit – Dale området skal vere tette og er utan avrenning til vassdraget. For landbruksdrifta sin del er det generelt lite avrenning i form av silosaft eller gjødsel. Ved spreing av gjødsel følgjer bøndene dei reglane som gjeld for dette.

Resipientundersøkinga som vart utført i 2012 viser at tilstanden heller er blitt betre enn dårlegare sidan førre undersøking, i 2002.

Særleg den øvre delen av vassdraget er betra.

### **Spørsmål 2:**

Kommunen kjenner ikkje til at Vassbakk & Stol handterer spesialavfall / miljøgifter i Mjåtveit Næringspark. Påstanden må utdjupast.

### **Spørsmål 3:**

Gjenvinning av asfalt er ein relativt normal aktivitet. Produktet blir m.a. nytta som toppdekk til skogsveggar/landbruksveggar. Kommunen har tidlegare kontakta SFT (no: Klif) med spørsmål om praksisen.

### **Spørsmål 4:**

Bruk av fangdammar er relativt nytt i Meland og det er få referanseanlegg som kan gje svar på korleis dei skal konstruerast for å gje best resultat. Anlegget fungerer i utgangspunktet bra, men ved store variasjonar i vassmengder og nedbørsintensitet er det avdekka at anlegget må utbetrast for å takle store volum.

Elles vil eg streke under at det er veldig flott at mange aktørar, både offentlege og private, arbeider for å sikre ei rein og god elv med eit godt miljø. Mjåtveitelva er ei perle, og må takast vare på.

Det er også viktig å sikra at flest mogleg kan bruke dette flotte naturområdet til friluftsliv og rekreasjon. I den samanheng kan eg kan eg opplysa at eg vil ta initiativ til eit kontaktmøte der alle relevante partar som Mjåtveitelvas venner, vellag, grunneigarar og offentlege aktørar, kjem saman for å drøfte status og vidare arbeid for å sikra ei rein og god elv, som også gir rom for naturopplevingar.

Frekhaug 9.04.2014

Nils Marton Aadland  
Ordførar

07-April-2014